

# Treningsleir i Årdal 28.-30.oktober

Me gjentek suksessen frå tidligare år. Denne gongen i det 25 m lange INNEBASSENGET.

28.-30. oktober inviterar me alle symjarar (som har vore med sidan 2010) med familie til å vera med til Årdal på treningssamling. Det vert lagt opp til treningar for symjarane, bading og sosiale aktivitetar som alle kan delta på. Symjegruppa subsidierar turen. Pris pr.person for heile helga er 700 kr. Dette inkluderar overnatting i klasserom(ta med madrass og sengeklede) og alle måltid (1 måltid fredag, 4 på laurdag og 2 på sundag, servert i kantina på skulen). Viss det er fleire enn 3 i ein familie som er med, så er det satt ein makspris på 2300 kr. pr. familie for heile helga. For symjarane vert det 1 trening på fredag, 2 på laurdag og 1 eller 2 på sundag.

Meir detaljert informasjon om programmet vil de få når det nærmar seg.

Håpar at mange vil delta. Påmelding til Brita Kvarekvål på e-post: [britakvarekval@hotmail.com](mailto:britakvarekval@hotmail.com) Gje opp kor mange i familien som skal vere med.

**Påmeldingsfrist 15.oktober.**

